



Rolv Eide AS  
Postboks 325  
5343 STRAUME

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3453 - 20/5311

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
30.01.2020

Ferdigattest - gbnr 323/66 tilbygg, fasadeendring Frekhaug stål AS

**Administrativt vedtak. Saknr: 123/20**

**Tiltakshavar:** Frekhaug Stål AS  
**Ansvarleg søkjar:** Rolv Eide AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg, fasadeendring til fabrikkbygg for Frekhaug stål AS på gbnr 323/66. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 18/2502 DS 299/2018 datert 06.11.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.01.2020.

**Skildring**

Adresse:	Kråkeneset 5 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	Tilbygg fasadeendring fabrikkbygg
Bygningsnummer:	9851062
Bruksareal:	Tilbygg på 235,5 m2
Avlaup:	

Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/3453

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Søknad om ferdigattest - gbnr 323/66 Frekhaug  
Søknad ferdigattest gbnr 23-66

### Kopi til:

Frekhaug Stål AS                                      Kråkeneset 5      5918                                      FREKHAUG

### Mottakarar:

Rolv Eide AS                                      Postboks 325      5343                                      STRAUME